



Ole Tundal Bakkebø
SKANSELIEN 33
5031 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/1622 - 22/46678

Saksbehandlar:
Einar Aase
einar.aase@alver.kommune.no

Dato:
20.06.2022

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 58/9 Lygren indre

Tiltak: ombygging av brønnhus og silo
Byggjestad: Gbnr: 58/9
Tiltakshavar: Ole Tundal Bakkebø
Ansvarleg søkjar:

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 18.02.2022.

Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Ut frå det kommunen kan sjå vil bygg ved silo og brønn vere i strid med byggegrense mot sjø jf. pbl.§1-8. Det er noko uklårt om driftsbygning vil vere i strid med byggegrense mot sjø- Dette må synleggjerast i situasjonskart, jf. punkt 2.

Søknad må supplerast med dispensasjon pbl.§1-8.

Vedlagt følgjer generelt informasjonsskriv om dispensasjonssøknad. På side 5 i vedlegg ligg det skjema som kan nyttast til utfylling av søknad, eller rettleie om kva som er naudsynt informasjon.

2. Vedlagt situasjonskart må utbetrast. Situasjonskart må syne avstand til nabogrenser, sjø, og andre nærliggjande bygg for kvart av tiltaka. Ytre mål på tiltak bør gå fram på situasjonskart. Sjå vedlegg og byggesaksforskrifta (SAK10) §5-4 for ytterlegare informasjon om dette.

<https://dibk.no/regelverk/sak/2/5/5-4/>

3. Tiltaket, samt søknad om dispensasjon, må nabovarslast jf. pbl.§21-3. Søknad må supplerast med opplysningsskjema og kvitteringsskjema for nabovarsling.

Syner på generell basis til at naboar har to veker på seg til å fremje merknadar. Eventuelle merknadar til tiltak må leggjast ved søknad.

4. Det må sendast inn planteikning av andre etasje på driftsbygg. Innsendt planteikning av første etasje har noko vage/utydelege linjer, og bør utbetrast slik at ytre rammer på tiltak går tydelegare fram.

Eventuelle terrenginngrep som følgje av tiltak må synleggjerast på teikningar.

5. Søknad må supplerast med bruksareal (BRA) og bygd areal (BYA) for kvart av tiltaka.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **22.07.2022**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

GENERELL INFORMASJON

Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Einar Aase
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

5155n-opplysningar-gjeve-i-nabovarsel
5156n-kvittering-for-nabovarsel
18.+Dispensasjon+-+rev+desember+2017 (2)
19.+Situasjonsplan+-+rev+10062015 (1)
20.+Nabovarsel+-+innhold+og+varslingsmåter+-+rev+10062015

Mottakarar:

Ole Tundal Bakkebø

SKANSELIEN 33

5031

BERGEN